

Tristram Bruingedal




Uskedal Samyrkelag

(no Kvinnherad Samyrkelag, avd. 1)

50 ÅR

– 50 år i bygdefolket si teneste!



U S K E D A L S A M Y R K E L A G

50 ÅR

Uskedal Samyrkelag, no Kvinnherad Samyrkelag avd. 1 Uskedal, kan i år sjå attende på 50 års samanhengjande drift.

Når ein tek for seg møtebøkene frå desse 50 åra, så kan dei fortelja oss om både gode og dårlege tider.

Frå starten og frametter i 30 åra, samt krigsåra, var vanskelege tider for alle, også for S-laget. Mens det i etterkrigsåra har vore meir stabile forhold, og dette har også gjort drifta av laget enklare, særleg då når det gjeld tilgangen på varer.

Som ei markering av desse 50 åra, vil vi ta for oss møtebøkene og dra fram ein del viktige hende. Sjølv sagt må dette berre verta eit utdrag. Men vi vil prøva å ta med det som kan fortelja oss noko om til-høva i bygda, driftsforma til laget, og laget sin plass i bygdemiljøet.

Planane om å starta eit Samyrkelag i bygda hadde nok vore drøfta mann og mann imellom også før 1927, men der vart ikkje noko gjort. Så i 1927 kom det fram at Berner Dønhaug som dreiv forretning i kjellaren til M. Gjertsen ville slutta.

Hæ var også mottakar og forretningsfører for mjølkelaget som vart starta i 1925. Og forretningsfører for det nystarta egglaget. Begge desse sto no i fåre for å verta nedlagt. Og dette meinte mange var eit steg attende for bygda, og måtte avverjast.

Det var Lars P. Haugland som først kasta fram tanken om at det kunne lata seg gjera å halda mjølkelaget og egglaget oppe dersom det kunne kombinerast med ein forretning.

Det vart kalla saman til møte i Helgheim der denne saka vart drøfta. Der er ikkje oppgjeve kor mange som møtte, men kjelder meiner det var 14 personar.

Sitat frå møteboka etter dette møtet:

" Slik at folket i Uskedalen vilde faa sin eigen forretning, som både sytte for aa skaffa turvande handelsvaror på beste vis, og attåt venda dei varor vi hadde å selja så godt som raad var." Sitat slutt.

Det vart på møtet semje om å prøva å starta ei forretning.
 Det vart også valgt ei nemnd som skulle forhandla om dette.

Etter lange forhandlingar med Berner Dønhaug, vart det semje om å betala kr. 2300,- for mjølkeostasjonen, forretning og inventar. Nokre personar meinte likevel at det var altfor mykje pengar. Kvinnherad Sparebank gav lov på pengar, og skreiv ut eit skuld-brev på kr. 2500,-, pålydande Lars P. Haugland.

Desse skreiv under som kausjonistar:

G. Flatebø, S. Dønhaug, R. Dønhaug, A. Eik, O.O. Eik, K.J. Stensletten
 S. Kjærland og M. Gjertsen.

Forretninga vart kjøpt, og der vart valgt eit interimstyre.
 Oskar Feet vart tilsett som styrar. Sigurd Dønhaug vart valgt til formann.

Forretninga vart opna 3.november 1927.

Løna til styraren vart fastsett til kr. 150,00 pr. mnd.

Der vart også utarbeidd vedtekter for laget. Vi har her lyst å sitera paragraf 1, den omhandlar føremålet med forretninga.

Sitat: "Laget hev i oppgåve å skaffa medlemene turvande handelsvaror so godt og billig som raad. Umsetja varor dei hev aa selja på beste vis, og gjera vegen mellom produsent og forbrukar meir høveleg, og ellers fremja medlemene sine interesser so langt det rekk!". Sitat slutt.

Dersom vi samanliknar denne paragrafen med dei vedtektene vi har idag, finn vi ut at føremålet til laget stort sett er det same, sjølv om dei nye vedtekten er noko meir omfattande.

Dei som laga dei første vedtektene har hatt eit klårt mål for å starta denne forretninga. Målet var nok skapa av eit behov rundt om i bygdene våre, det var ikkje noko spesielt berre for Uskedalen. S-laget har ikkje berre som oppgåve å selja varer,- den økonomiske sida. Der er også ei organisasjonsmessig side som skal syta for opplysning, kontroll av varekvalitet, skapa kontakt mellom dei einskilte gruppene, o.s.v. I det heile arbeida for forbrukarane sine interesser, - både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det siste er kanskje ikkje det minst viktige i våre dagar. Forbrukarane og produsentane si moglegheit til å påvirka omsetningslegga, og avgjerdsprosessen, var nok mykje mindre før i tida.

Og dette var nok grunnen til at så mange samyrketiltak vart oppstarta i 1910-20 og 30 åra. Kan berre nemna Forbrukarsamvirke, Slakterisamvirke, Meierisamvirke, Gartnerisamvirke og Boligsamvirke.

Det var ofte vanskeleg å få tak i varer, og der var lite med pengar blandt folk. Dette stadfestar også paragraf 12 i dei første vedtektene om forretningsmåten.

Sitat: " Alle sal er mot kontant, og til rimelege dagsprisar. Likevel kan det når sjukdom, arbeidsløysa og liknande, kan der utleverast varor so langt hans innskotspengar gjev trygd. " Sitat slutt.

I fyrstninga var ikkje laget tilslutta nokon sentral organisasjon. Men i slutten av 1929 søkte laget om å verta oppteken som medlem i Norges Kooperative Landsforening.

Denne søknaden vart godkjent, og laget fekk nye vedtekter som var meir tilpassa den nye driftsforma.

Laget fekk nytt regnskapsopplegg og i det heile kom alt no inn i meir faste former på alle måtar.

I 1931 hadde laget økonomiske problem. Det vart då teke kontakt med Kreditorforeningen i Bergen, og dei ordna det slik at økonomien vart sikra. Det er uvísst om butikken var stengt i denne tida, men mykje tyder på at handelen gjekk som vanleg.

Omsetninga hadde auka bra kvart år. I 1934 var bruttoomsetninga på kr. 22633,66. Nettooverskotet var kr. 186,15.

Butikken var no vorten i minste laget, og dei var på utkik etter større lokal.

I 1936 sette mjøkelaget igang med å byggja nytt hus på eigedomen "Samhald", her skulle Samyrkelaget få leiga butikklokalet , husværet i 2.høgda, og det av kjellaren som ikkje mjøkelagte trong sjølve. Leigekontrakta vart underskreven 2.mars 1936. Husleiga vart sett til kr. 600,- pr. år.

Samyrkelaget hadde også ansvaret for mjølkeinnveginga, og å køyra mjølka på kaien. Godtgjerdsla for dette var kr. 300,- pr. år. Vi veit ikkje kva dato den nye butikken vart opna, men det må ha vore ein gong i 1937.

Omsetninga var i 1937 auka til kr. 90386,74. Laget hadde 50 medlemer.

21. august 1938 var der innbrot i butikken. Der vart stole varer og pengar for kr. 308,27. Innbrotet vart ikkje oppklåra.

Det fyrste kassaapparatet vart kjøpt i 1936, prisen var kr. 575,-.

Under krigen var det vanskeleg å skaffa nok varer, og det vart innført rasjonering.

I styremøte 30. juni 1941 vart det gjort fylgjande vedtak.

Sitat: "På grunn av tobakksnauvert styraren oppmoda um å fyrst tigodesjaa laget sine lemer, og likeeins med andre varor som er vande å skaffa." Sitat slutt.

På grunn av knapphet på mange vareslag, var det ikkje alltid så lett å fordela dei slik at alle vart tilgodesett i like stor grad.

Møtebøkene viser at der var ein del klagar frå medlemene når det gjald dette. Og styraren måtte då stå til rette for det han hadde gjort.

Men styraren fekk også skryt ppå årsmøtet i 1944, for den store innsatsen han hadde gjort for å skaffa varer, og for måten han hadde fordelt dei på.

I krigsåra var drifta av laget svært godt, og medlemene slutt godt opp om laget. Kva grunnen til dette var det veit vi ikkje sikkert, Men det er naturleg å tru at årsaka var at laget gjorde ein god innsats, og medlemene meinte at ved å støtta opp om laget ville deira behov verta stetta så langt det let seg gjera, og på ein mest mogeleg rettferdig måte.

(Dette mønsteret kan vi også finna att i mange andre Samyrkelag frå desse åra.)

I fleire styremøte i 1945 vart det diskutert om ein skulle ha fest på årsmøta. Dette vart nedstemt fleire gonger. Men på styremøte 1. mars 1946 vart det vedteke at der skulle skipast ein "Sabba" fest til årsmøtet ilag med mjølkelaget.

Tankar om at laget måtte få sitt eige forretningsbygg, vart sterkare og sterkare blandt medlemene. Og på ekstra medlemsmøte i "Helgheim" 6. juni 1947, vart det vedteke å kjøpa tomta til det noverande S-laget. Prisen på tomta var kr. 3000,-, seljar var Wilhelm Bjelland. På styremøte 24/11 1950, vart det vidare vedteke å kjøpa eit stykke jord av Bjørn Olsen, slik at ein kunne få veg på nedsida av bygget.

På årsmøtet 20. mars 1952 vart mønstervedtektene for S-lag utan representantskap vedtekne som laget sine vedtekter.

9.mai 1953 vart det skipa til 25 års fest i Helgheim. Der var fullt hus og stor stemning. Styret hadde også forfatta ei melding om drifta frå starten i 1927.

Denne viser at omsetninga hadde auka jevnt, og var i 1952 kr.580.000,-. Driftsresultata hadde også vore relative gode. Medlemsinnskota var kr. 34.116,29.

Frå 1936 hadde laget betalt kjøpeutbytte til medlemane, den totale utbetalte summen var kr. 20.139,23.

Vidare har laget delt ut ein del pengegåver til ymse lag i bygda.

På medlemsmøte 26.januar 1954 vart det vedteke å byggja den noverande bensinstasjonen.

Laget hadde dårleg lageplass for formjøl og gjødning, og kjellaren skulle brukast til dette.

Bygget skulle vera 7x10 meter.

Anbudssummen utan pussing var på kr. 5100,-.

På årsmøte 29.mars 1957, vart der valgt byggenemnd for nytt forretningsbygg. Desse vart valgt: G. Flatebø formann, T. Musland Lars P. Haugland, Norvald Kolltveit, Alfred Eidsvik, Sverre Myklebust, Helge Feet og Sigvald Eik.

Denne byggjenemnda hadde faktisk 24 møter ialt. Dette vitnar om eit grundig og nøyaktig arbeid.

Erling Malmanger, Rosendal teikna bygget.

Mons Raudstein fekk arbeidet med 1.hødga (Kjellarhødga).

Anbudssummen var kr. 12650,-.

Sigurd Wang fekk arbeidet med oppsetjing av resten av huset, samt ein del innreiing.

På årsmøtet 2.april 1959 la byggenemnda frå kostnadsoverslag for bygget. Samla sum var kr. 178500,-. Dette vart samrøystes vedteke. Styret fekk fullmakt til å ordna med finansieringa.

Bygginga skulle koma igang snarast råd.

Bygget var godt planlagt, slik at bygginga gjekk raskt og greitt. Og den nye forretninga vart opna 4.april 1960.

Den første kunden var Nils Oskarson Eik.

Omsetninga første dagen var kr. 2000,- kontant, og kr. 595,10 på kredit. Det vart sagt mange lovord om butikken, som på dei tider var svært så moderande.

Den totale byggekostnaden vart på kr. 306304,31.

2.høgda i nybygget vart utleigd til Rundveveriet A/S, dei ville bruka lokalet til systove. Husleiga vart sett til kr. 300,- pr. mnd.

Etter avtale med styret i mjølkelaget vart "Gamlekoopen" utleigd til komunen som skulestove. Når ikkje komunen hadde bruk for dette lenger, skulle Samyrkelaget overta leigekontrakta att.

Den første bilen vart kjøpt 23.februar 1963. Denne var brukt og prisen var kr. 14500,-. Ein styrelem stemte mot denne handelen, han meinte det ikkje var naudsynt for S-laget å ha bil.

Den 4.desember 1964 vart det halde medlemsmøte i Helgheim. Saka som skulle drøftast var om Uskedal Samyrkelag skulle gå inn i ein samanslutning med Sunde Samyrkelag, Rosendal Samyrkelag og Omvikdalen Samyrkelag.

Det nye laget skulle då dekkja heile Kvinnherad, og namnet var føreslege til Kvinnherad Samyrkelag.

Dette var sjølvstøtt ei svært viktig sak, og det vart ein lang og til dels kjenslefull diskusjon, men diskusjonen var heile tida på eit sakleg nivå.

Vedtaket til slutt vart at medlemene i UUskedal Samyrkelag var samde i forslaget om samanslåing. Vedtaket var samrøystes.

Med dette vedtaket er det vel rett å sei at ein epoke i laget sin historie var over. Hittil hadde grensene for laget sitt arbeidsfelt stort sett vore bygda Uskedalen. No skulle desse grensene utvidast til å omfatta heile komunen. Samansetjinga av styrande organ ville også få innslag frå dei andre bygdane, kravet til samarbeid ville verta større, men kanskje meir inspirerende.

Mange forsto vel heller ikkje fullt ut kva for arbeidsform det nye laget ville få, det var noko nytt og uprøvt.

36 år hadde gått sidan starten. Tidene hadde vore vekslende. Men arbeidet i laget hadde stort sett gått bra. Og møtebøkene kan vel betre enn nokon forklara kvifor det hadde gått så bra. Det kan ikkje vera tvil om at den innsats som heile tida vart gjort, både av medlemmer, styre og tilsette, har vore positiv. Samyrkelaget hadde vorte eit samlingspunkt i bygda, og alle var villige til å yta ein innsats for å bevare dette. Det er nok mange problem som har fått ei løysing,- anten i diskusjon i forretninga, eller på kontoret hjå styraren,-med døra godt attlaten.

Den 7.januar 1965 kom den triste meldinga om at styraren Norvald Kolltveit var godt bort.

Han var på arbeid heilt til det siste, og hadde då vore styrar for laget sidan 1938. Han hadde såleis lagt ned mest heile sitt livsverk i laget si tjeneste, og til dels gjennom mange svært vanskelege år, både for laget og landet ellers. Bygdefolket har mykje godt å sei om Norvald Kolltveit, både i arbeid og som privatperson. På styremøte 8.januar 1965 høyrte den dåverande formannen Bjørn Olsen minneord om styraren.

På same styremøte fekk styraren på Sunde Samyrkelag, Leif Huse prokura til å døiva Uskedal Samyrkelag inntil vidare. Dette møtet var også det siste styremøte for Uskedal Samyrkelag.

Konstituerande medlemsmøte for Kvinnherad Samyrkelag vart halde i Helgheim 25.mars 1965.

Nye vedtekter vart vedtekne. Samt innmelding i N.K.L., N.K.L.s revisjonsavdeling, og S-lagas garantifond. Ellers vart alle formalitetar omkring det nye laget vedtekne.

Rolf Wiik, Dimmelsvik vart valgt til den første formannen.

Leif Huse vart konstituert til styrar fram til årsskiftet 65-66.

Det som har skjedd seinare i Kvinnherad Samyrkelag er vel meir kjent stoff, men det kan vera greitt å ta med noko.

Laget hadde no 4 avdelingar. Avd. 1 Uskedalen, avd. 2 Sunde, avd. 3 Rosendal, og avd.4 Omvikdalen.

Det kan også vera greitt å ta med kva tid dei andre laga vart skipa:

Sunde Samyrkelag, skipa 1913. Innmeldt i N.K.L. 1945.

Rosendal Samyrkelag., skipa 1936. Innmeldt i N.K.L. 1936.

Omvikdalen Samyrkelag, skipa 1946. Innmeldt i N.K.L. 1947.

UUskedal Samyrkelag. skipa 1927. Innmeldt i N.K.L. 1929.

Vi har diverre ikkje årsmeldingar frå dei første åra til Uskedal Samyrkelag, men vi legg ved kopi av Status for 1928. Denne viser laget si eiga og skuld. Som De ser er det beskjedne tall til dei vi opererer med idag, men så var også pengeverdien, og tidene heilt noko anna.

avskrift


Statue

Optatt d. 31. Dec. 1928.

Uskedal For Samyrkjela G.

Aktiva:		Passiva:		
Kassabeholdning	185	40	Div. kreditorer	5336, 61
Varebeholdning	3045	39	Innstøtt	
Div. deb.	1807	90	Medlemspenge	200,-
Innøst. Ljøleanlegget	315	-	Gjeld paa butikkvegten løy.	
Inventarier	45	-	Balance	45, 00
Tilg. for innveining av melk i dec.		60,-		
		<hr/>		<hr/>
		6163, 69		6163, 69
		<hr/>		<hr/>

Uskedaler 25. Jan. 1929.



Det nye Kvinnherad Samyrkelag fekk ikkje nokon lett start. Den nye måten å driva laget på var ukjent både for styret og styrar. Og der oppstod ein del vanskar som måtte løysast. Økonomien var heller ikkje tilfredsstillande. Men samarbeidet i styret og ellers mellom butikkane gjekk fint.

Omsetninga første driftsåret var ca. 4,5 millionar. Men rekneskapen vart oppgjort med underskot.

I åra som fylgde hadde laget heile tida ein hyggeleg omsetningsauke, og vi reknar med å få ein omsetnad på ca. 21,0 millionar i 1979. Men vi har framleis vanskar med å få endane til å møtast i rekneskapen.

Men det er då også rett å sjå på dei investeringar som er gjort i åra etter 1965. Beløpet kjem nok opp i fleire millionar kroner. Laget har no 7 moderande butikkar, bygningane er i god stand, og vi har eit omfattande varelager. Der er også oppbygd eige serviceapparat for elektriske produkt.

Det har nok vore røyster som har meint at det kanskje ikkje var rett å gå inn for samanslåing av laga i 1965. Men ser vi på den utviklinga varehandelen har hatt sidan 1965. Og dei stadig strengare krav som vert sett både av kundar og det offentlege, vågar vi den påstanden at det hadde vorte vanskeleg, - for ikkje å sei umogeleg, - for dei einskilte laga å hevda seg like godt i konkurransen åleine, som dei samla har greidd det.

(Samarbeid mellom private handlande er også utvikla nokså langt i dei siste åra, for å såå sterkare. Men dette gjeld for det meste innkjøps og markedsføringssamarbeid, ikkje totalt økonomisk samarbeid.)

Kvinnherad Samyrkelag er idag ein stor arbeidsplass, med ca. 50 tilsette. Medlemene og kundane har heile tida vore grunnstamma i laget. Og deira oppslutnad og innsats er direkte avgjerande for dei resultat som er oppnådd, og vil verta oppnådd i åra frametter. S-laget er tilslutta ein forbrukarorganisasjon, som er oppbygd på demokratiske prinsipp. Det er idag den største forbrukarorganisasjonen i landet, med eit medlemstal på ca. 550000 familiar. Omsetninga er ca. 7,5 milliøddar kroner.

Hovedmålet er å ivareta forbrukarane sine interesser. Og at vi har bruk for ein slik organisasjon kan der vel ikkje vera noko tvil om, særleg i desse oppjaga omveltningstidene vi no opplever.

Kvinnherad Samyrkelag er ein liten del av denne organisasjonen. Dei har eit fotfeste i bygdene våre gjennom mange år. Det er eit godt grunnlag å byggja vèdare på, og som vi vonar alle vil hjelpa til med kvar på sin måte.

Samarbeid gjev styrke tiå felles innsats - til felles beste.

Vi har også lyst å ta med eit oversyn over dei formenn og styrarar som har hatt sitt arbeid i laget gjennom desse 50 åra.

Formenn:

Sigurd Dønhaug	frå 3/11 1927	til 20/2 1936.
Lars P. Haugland	" 20/2 1936	" 8/3 1940.
A.T. Myklebust	" 8/3 1940	" 4/3 1942.
G. Flatebø	" 4/3 1940	" 24/3 1960.
Bjørn Olsen	" 24/3 1960	" 25/3 1965.
Rolf Wiik	" 25/3 1965	" 28/4 1967.
Trygve Teigen	" 28/4 1967	" 17/6 1969.
Trygve A. Haugland	" 17/6 1969	" 17/3 1977.
Kåre Teigen	" 17/3 1977	" 29/3 1979.
Øyvind Sandvik	" 29/3 1979	

Styrarar:

Oskar Feet	frå 3/11 1927	til 25/6 1928
Arne Eik	" 25/6 1928	" 20/11 1929
Helge Feet	" 20/11 1929	" 15/5 1932
Arne Eik	" 15/5 1932	31/12 1938
Norvald Kolltveit	" 28/11 1938	" 7/1 1965
Leif Høse	" 8/1 1965	" 19/12 1969
Einar Husby	" 19/12 1969	" 15/9 1972
Trygve Fredheim	" 1/12 1972	

Til slutt vil det noverande styret takka alle som har hatt tillitsverv i laget gjennom desse 50 åra.

Takk også til medlemmer, kundar og tilsette.

Jubileet vil verta markert i alle våre butikkar 14-15-16-17-november 1979. Sjå lysing og omtale i avisene.

Styret

